



RETNINGSLINJER - BUSTADTILSKOT FOR ETABLERING OG TILPASSING

Ulstein kommune nyttar Husbanken (HB) sitt til ein kvar tid gjeldande reglement for handsaming og tildeling av kommunale bustadtilskot, jf. HB 8.B.21. I tillegg gjeld følgjande reglar for Ulstein kommune:

1. FORMÅL OG BEHOVSPRØVING (jf. HB 8.B.21, pkt. 1 og 2)

1. Tilskotsordninga gjeld vanskelegstilte husstandar med konkret behov for bustad / tilpassing av bustad.
2. Søknaden / tiltaket må vere relevant i høve eit varig behov / situasjon og bør dokumenterast med attestar frå omsorgs- / sosialetat / NAV / lækjar m. fl.
3. Etablering / tilpassing av garasje for eksisterande bustad må knytast til funksjonshemming.
4. Tiltaket / behovet bør gje ein sosial / medisinsk og / eller økonomisk gevinst både for samfunnet og søker («vinn – vinn situasjon»).
5. Søklar / husstanden må ha fast bruttoinntekt, som etter skjøn / vurdering (jf. retningslinjer frå SIFO) er tilstrekkeleg til å dekkje livsopphald og bu- / låneutgifter.
6. Fast bruttoinntekt omfattar t.d. ordinær brutto arbeidsinntekt, kapital- / renteinntekt, barnebidrag, barnetrygd, pensjon og anna varig trygd (1 G er grunnbeløpet i folketrygda).
7. Maksimal bruttoinntekt for husstanden som *utgangspunkt* for vurdering / innvilging av søknaden er:
 - Einsleg person om lag 3,5 G kr/år, pluss om lag 0,5 G kr/år for kvart husstandsmedlem.
8. Samla lån (bustad-, utdannings- og forbrukslån) bør ikkje utgjere meir enn ca. 3 gongar bruttoinntekt.

2. KVEN KAN FÅ BUSTADTILSKOT - PRIORITERING M.M. (jf. HB 8.B.21, pkt. 1, 2, 3 og 4)

1. Ut i frå søkjarmassen og tilskotsmidlar til rådvelde, vert søklarar med eit dokumentert varig behov, som f. eks. funksjonshemming og / eller tilråding / prioritering frå omsorgs- / sosialetat / NAV, lækjar m. fl. prioriterte ved handsaming / tildeling, jf. elles bustadsosial handlingsplan for Ulstein kommune.
2. Søklar må vise til konkret prosjekt / tiltak / bustad med kostnadsoverslag som grunnlag for søknad.
3. Tiltaket / bustaden må vere strengt nøktern og rimeleg i høve storleik / omfang og kostnad, sett i høve til behov og søklar sin økonomiske, sosiale og medisinske situasjon.
4. Bustaden / arbeidet tilskotet omfattar må vere i samsvar med plan- og bygningslova (lovleg / godkjent).
5. Bustadtilskot skal vanlegvis berre tildelast 1 gong til same søklar / husstand og tiltak.

3. TILSKOTSUTMÅLING (jf. HB 8.B.21, pkt. 3)

1. Tildeling vert gjort etter økonomisk behovsprøving (i høve inntekt, gjeld, formue og naudsynt kostnad).
2. Grunnlaget for tilskotsutmålinga er total kostnad ved kjøp, oppføring, tilpassing eller refinansiering og innhenta pristilbod / kostnadsoverslag, som skal følgje søknaden om bustadtilskot.
3. Kostnader / dokumentavgift i samband med eventuelt krav om tinglyst pant kan inkluderast i grunnlaget.

4. SIKRING FOR TILSKOTET (jf. HB 8.B.21, pkt. 4.2)

1. Bustadtilskot inntil kr. 40.000,- vert vanlegvis gjeve utan sikring av tinglyst pant i bustadeigedom.
2. Bustadtilskot kan likevel krevjast sikra med tinglyst pant i bustadeigedom (og ev. anna eigedom), dersom saka etter vurdering tilseier det, då med prioritering etter eksisterande andre lån og hefter.
3. Forsikringsattest for gjeldande bustadeigedom, jf. Lov om forsikringsavtalar av 16. juni 1989, nr. 69, skal ligge føre i samband med utbetaling av tilskotet, dersom tilskotet skal sikrast med pant.

5. SØKNAD, SAKSGANG OG EVENTUELL KLAGE (jf. HB 8.B.21, pkt. 5 og 6)

1. Søknad skal skrivast på fastsett skjema, med alle naudsynte vedlegg og opplysningar for å kunne vurdere og handsame søknaden.
2. Inntekter, gjeld og formue må dokumenterast så langt mogleg med 3 siste lønns slippar, sjølvmeldingar og likningsutskrifter med skatteoppgjer frå 3 siste åra for alle vaksne i husstanden, arbeidskontraktar og attestar frå arbeidsgjevarar / trygdekontor m. fl. med oversyn over inntekter / økonomi og tilsettingsforhold m.m.



3. Sosial og medisinsk situasjon / behov må dokumenterast så langt mogleg med uttale, tilråding eller rapport frå lækjar / hjelpeapparat.
4. Søknader vert som hovudregel handsama fortløpande, der tilskot opp til kr. 50.000,- kan handsamast med delegert vedtak hos administrasjonen. og tilskot over kr. 50.000,- politisk i teknisk utval.
5. Tildelt tilskot kan avkortast ved utbetaling, dersom kjøpesum og kostnader vert lågare enn føresetnaden lagt til grunn ved handsaming av søknaden.
6. Dersom konkret gjeve tilsegn skal nyttast til annan og dyrare bustad / tiltak, må det søkjast på nytt.
7. Søkjar / tilskotsmottakar får avskrive 5% av innvilga bustadtilskot for etablering / refinansiering og 10 % av innvilga bustadtilskot for tilpassing per fullført år, så lenge føresetnaden for tildelinga er oppfylt.
8. Det er høve til å klage på vedtak etter forvaltningslova sine reglar. Klaga vert først handsama av instansen som handsama søknaden (administrasjonen / teknisk utval). Dersom instansen ikkje tek klaga til følge, vert klagesaka endeleg handsama i klageinstansen (Ulstein formannsskap).
9. Det er ikkje høve til å påklage vedtaket i klageinstansen (Ulstein formannsskap) vidare.